



Meland helselag

Ordførar
Øyvind Oddekalv.

Parkeringsplassen ved Meland eldresenter.

Parkeringsplassen ved Meland eldresenter er liten, og blir svært mykje brukt kvar einaste dag.

Meland helselag brukar Eldresenteret kvar dag til ymse aktivitetar.
I tillegg har vi fotpleiar med sine kundar, og frisør.

Dei fleste brukarane av desse tenestene nyttar eigen bil.

Så kjem alle pasientane til fysioterapi.

Fysioterapitenesta har sine eigne oppmerka parkeringsplassar, og det gjer at plassen blir sterkt avgrensa for andre.

Ofte kjem folk i taxi, til dels store taxiar som krev plass når dei skal snu- rygga osv.

Sidan plassen er så liten blir det ofte reine kaoset her, og folk parkerar på bakken i bakkant, framfor inngang til fysioterapi og delvis i hagegangen på framsida.

Vi vil be om at kommunen utvidar plassen snarast råd er.

Etter vårt syn skulle det enkelt la seg gjera ved å gå inn i bakken mot inngang fysioterapi.

Tveit, 26.04.2017

Med vennleg helsing

Meland helselag
v/ leiar Olaug Tveit

Olaug Tveit